



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
20.06.2018
Dykkar dato
14.06.2018

Vår referanse
2018/7638 331.1
Dykkar referanse

Meland kommune,
Postboks 79,
5906 Frekhaug

MELAND KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2018 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 13.desember 2017.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det kommunale skatteøyet for kommunane i 2018 er det same som i 2017, 11,8 prosent.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettet med kr 204,73 mill. i skatt på eige og inntekt for 2018.

I 2017 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 4,5 prosent. I revidert nasjonalbudsjett er det rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 1,0 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2017 var 80,8 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføringa til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2018 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2018 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettet til kr 443,4 mill.

Inntektsprognosene for 2018 er no oppdatert med endelige innbyggjartal per 01.01.2018 og inntekten skatt i 2017. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2018. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2017.

Dei frie inntektene er budsjettet høgare enn i den siste inntektsprognosene. Kommunen må gjennomføre budsjettrevisjon i den grad det er nødvendig for at dei frie inntektene skal vere realistiske i budsjettet.

Eigedomsskatt

Det er budsjettet med kr 20,05 mill. i eigedomsskatt for 2018. Innkomen eigedomsskatt i 2017 var kr 19,1 mill. Budsjettet eigedomsskatt blir vurdert som realistisk på bakgrunn av auke i berekningsgrunnlaget.

Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2018. Eigedomsskatt på hus og fritidseigedomar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2018. Skattesatsane er dei same som for 2017.

Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er budsjettet med til saman kr 5,4 mill. Av dette er utbytte frå BKK budsjettet til ca. kr 4,0 mill.

Renteinntekter og utbytte er i rekneskapen for 2017 om lag kr 6,7 mill.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i revidert nasjonalbudsjett 2,6 prosent. I dette inngår pårekna lønsvekst med 2,8 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag $3 \frac{1}{2}$ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettet med kr 16,6 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga er noko for låge i høve til det tilrådde minstenivået, også når vi tek omsyn til ubrukte lånemidlar ved utgangen av 2017.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmere det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet med kr 4,5 mill. Dette er lågt og utgjer berre om lag 1,0 prosent av driftsinntektene.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst $1 \frac{3}{4}$ prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn $1 \frac{3}{4}$ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Det er eit netto driftsunderskot i rekneskapen for 2017 med kr 5,9 mill. Det utgjer - 1,0 prosent av driftsinntektene. Netto driftsunderskot blir blant anna dekt med bruk av disposisjonsfond. Netto driftsresultat i rekneskapen for 2017 var difor svakt.

Disposisjonsfondet blir på denne bakgrunn redusert frå kr 32,9 mill. ved utgangen av 2016 til kr 29,1 mill. ved utgangen av 2017. Disposisjonsfondet er noko for lågt og utgjer berre om lag 4,9 prosent av driftsinntektene for 2017. Fondet bør difor styrkast.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2018 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr $138 \frac{1}{2}$ mill. Av investeringane utgjer avgiftsfinansierte investeringar innan vass- og avlaupssektoren kr 69,9 mill.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 122,9 mill. I tillegg er investeringane planlagt finansierte med momskompensasjon (kr 11,1 mill.) og bruk av avsetjingar (kr 4,5 mill.).

Eigenkapitalinnskot KLP, kr 1,05 mill., blir i samsvar med økonomireglane finansiert utan lån. Det er budsjettet med startlån, kr 7,0 mill., til vidare utlån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2016 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr 79.820,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr 70.670,-.

Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2016 var kr 74.662,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2017 er i førebels rekneskap om lag kr 594 mill., eller om lag kr 73.500,- per innbyggjar.

Lånegjelda kjem til å auka med om lag kr 106 mill. i år, eller om lag kr 13.500,- per innbyggjar, dersom lånepoptaka i budsjettet blir gjennomførde. Det inneber ein stor auke i lånegjelda i år. I økonomiplanen er det lagt opp til ein endå større gjeldsauke i 2019. Kommunen vil, basert på budsjett og økonomiplan, få eit høgt gjeldsnivå ved utgangen av 2019.

Fylkesmannen finn det urovekkjande at kommunen legg opp til så store investeringar og låneopptak i budsjett og økonomiplanen. Det vil bidra til at ny kommune som blir etablert frå 2020, får mykje gjeld. Ny kommune må ha økonomisk handlefridom. Det er viktig å unngå at gjeldsnivået blir for høgt i åra framover.

Det er rekna med ein betydeleg auke i renteutgiftene for Meland kommune i dei nærmaste åra. Det skuldast både pårekna auke i sjølve rentenivået og den store auken i lånegjelda. Kommunen har for svake netto driftsresultat til å kunne auke lånegjelda i så stor grad som planlagt. Dersom planlagde investeringar og låneopptak skal gjennomførast, må netto driftsresultat bli styrka.

Oppsummering

Dei frie inntektene er budsjettet høgare enn i den siste inntektsprognosene. Kommunen må gjennomføre budsjettrevisjon i den grad det er nødvendig for at dei frie inntektene skal vere realistiske i budsjettet.

Kommunen sine netto driftsresultat er svake både i rekneskapen for 2017 og i opphavleg vedteke budsjett for 2018.

Fylkesmannen finn det urovekkjande at kommunen legg opp til store investeringar og låneopptak i budsjett og økonomiplanen. Kommunen har for svake netto driftsresultat til å kunne auke lånegjelda i så stor grad som planlagt. Dersom planlagde investeringar og låneopptak skal gjennomførast, må netto driftsresultat bli styrka.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø
Sekretariatsleiar for kontrollutval, Postboks 16, 5902 Isdalstø